REGION NORDHORDLAND

# Representantskapet

Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy

# PROTOKOLL

## Møte i Representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS

**Møte:** 1/2014
**Tid:** Fredag 12. desember kl. 11:00 – 11:40
**Stad:** Alver hotel

**Til stades:**

| | |
|---|---|
| Ordførar: | Jon Askeland, Nils Marton Aadland, Per Lerøy, Astrid A. Byrknes, Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Kristin Handeland, Knut Mo, Jarle Skeidsvoll (vara for Kari Aakre) |
| Rådmenn: | Ørjan Forthun Raknes, Reidun Halland (frå sak 5/14), Ingvild Hjelmtveit (frå sak 7/14) |
| NUI: | Rune Heradstveit, Håkon Matre (valt styreleiar nytt selskap - frå sak 7/14) |
| Forfall: | Kari Aakre, Jan Olav Osen, Svein Helge Hofslundsengen, Odd Ivar Øvregård, Ingvild Hjelmtveit, Vidar Bråthen, Øivind Olsnes, Jarle Landås |

| | |
|---|---|
| **Sak 1/14** | **Val av møteleiar og to representantar i tillegg til møteleiar for underskriving av protokoll**<br><br>**Samrøystes vedtak:**<br>▪ Jon Askeland vart valt til møteleiar<br>▪ Kristin Handeland og Hallvard Oppedal valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar. |
| **Sak 2/14** | **Godkjenning møteinnkalling og saksliste**<br><br>**Samrøystes vedtak:**<br>▪ Møteinnkalling og saksliste vart godkjent. |
| **Sak 3/14** | **Konstituering av representantskapet – val av leiar og nestleiar**<br><br>**Forslag til Samrøystes vedtak:**<br>▪ Jon Askeland vart valt til leiar i Representantskapet. Kari Foseid Aakre vart valt til nestleiar i Representantskapet. |
| **Sak 4/14** | **Val av styremedlem og varamedlemmer til styret for 2015-2016. Val av leiar og nestleiar**<br>Astrid Aarhus Byrknes foreslo Anne-Grete Strøm-Erichsen som nestleiar til styret.<br><br>**Forslag til Samrøystes vedtak**<br>▪ Håkon Matre, Torbjørn Nævdal og Anne-Grete Strøm-Erichsen vart valt til styremedlem for 2015-2016. Steinar Hunskår og Rita Tveiten vart valt til varamedlemmer til styret for 2015-2016.<br><br>▪ Håkon Matre vart valt leiar i styret. Anne-Grete Strøm-Erichsen vart valt til nestleiar i styret.<br><br>▪ I kommunestyrehandsaminga av selskapsavtalen for Region Nordhordland Helsehus IKS påpeika fleire kommunestyre at styret burde bestå av 5 medlemmer og 2 vara medlemmer for å sikra breidde med omsyn til både representasjon og kompetanse.<br>Inntil ein revisjon av selskapsavtalen vert gjort, ber Representantskapet om at dei to vara medlemmene deltek fullverdig i styret for å sikra breiast mogeleg kompetanse, men utan stemmerett. |

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, postboks 13, 5902 Isdalstø
Telefon 55 37 58 88 / e-post: post@nordhordland.net / www.nordhordland.net

| | |
|---|---|
| **Sak 5/14** | **Fastsetjing av godtgjersle til Representantskapet og styret**<br><br>**Samrøystes vedtak:**<br>▪ Honorar vert sett til kr. 0,- for leiar og nestleiar i Representantskapet.<br><br>▪ Honorar vert sett til:<br>- Styreleiar: kr. 50 000,-<br>- Nestleiar og medlem: kr. 25 000,-<br>- Vara medlem: Møtehonorar kr. 2 000,- pr. møte, når vara møter fast kr. 20 000 pr. år.<br><br>Reiseutgifter vert dekka etter statens regulativ. |
| **Sak 6/14** | **Val av revisor**<br><br>**Samrøystes vedtak:**<br>▪ Activ Revisjon DA vart valt til revisor i selskapet. |
| **Sak 7/14** | **Godkjenning budsjett 2015 og økonomiplan 2016-2018 for Region Nordhordland Helsehus IKS**<br>Dagleg leiar i Nordhordland Utviklingselskap IKS la fram utkast til budsjett for 2015 og økonomiplan for 2016-2018.<br><br>**Samrøystes vedtak:**<br>▪ Representantskapet godkjenner framlegget til årsbudsjett for 2015.<br><br>Dersom det skulle vera vesentlege endringar eller auke i utgiftene i forhold til budsjettet, ber Representantskapet styret koma tilbake med oppdatert budsjett når styret er konstituert og lån med vidare er på plass.<br><br>▪ Representantskapet godkjenner framlegget til økonomiplan for 2016-2018. |
| **Sak 8/14** | **Godkjenning av låneopptak for Region Nordhordland Helsehus IKS**<br><br>**Samrøystes vedtak:**<br>▪ Representantskapet godkjenner at styret på vegne av Region Nordhordland Helsehus IKS kan oppta eit lån innanfor ramma på kr. 300 millionar som er gjeve i selskapsinstruksen. |
| **Sak 9/14** | **Eventuelt**<br>Intet. |

Knarvik, 12. desember 2014

Jon Askeland
Møteleiar Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kristin Handeland
Medlem Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Hallvard Oppedal
Medlem Representantskapet
Nordhordland Utviklingsselskap IKS